

Innst. O. nr. 117.**Tilråding frå protokollnemnda vedkomande klage frå tidl. apoteker cand. pharm. Ø. O. Haarklou.**

Høgsterettsadvokat Magne Schjødt skriv den 20. februar 1954 til protokollnemnda slik:

«På vegne av forhenværende apoteker cand. pharm. Ø. O. Haarklou tillater jeg meg å forelegge hans sak for Stortingets Protokollkomité i anledning av at han i de senere år i en hel rekke tilfeller er forbigått ved tildeling apotekerbevilling.

Cand. Pharm. Ø. O. Haarklou er født den 15. februar 1894 og tok apotekereksamen i 1918. Deretter arbeidet han som provisor ved forskjellige apotek. I 1934 fikk han bevilling til å drive Åmli Apotek i Åmli. I 1941 fikk han så bevilling til å drive Løveapoteket i Hamar. Denne bevilling fikk han før det ble utstedt parole om ikke å søke apotekerbevilling.

I desember 1940 meldte cand. pharm. Ø. O. Haarklou seg inn i N. S. På grunn av N. S.-medlemskapet ble han like etter frigjøringen av Medisinaldirektøren fratatt bevilling til Løveapoteket i Hamar. Ved forelegg 17. august 1946 av statsadvokaten i Hedmark ble han ilagt fengsel i 4 måneder, tap i 2 år av rett til å drive erverv betinget av offentlig autorisasjon samt tap for 10 år av stemmerett og rett til å gjøre tjeneste i Rikets krigsmakt.

Grunnlaget for forelegget var medlemskap i N. S. fra desember 1940 og 5 bidrag på til sammen kr. 310 til N. S. Fylkesorganisasjon og Frontkjemperkontoret. Han var dessuten i 1941 kortere tid ordfører i Åmli. Etter lov av 28. juli 1949 har Haarklou fra 9. mai 1950 fått tilbake sine borgerlige rettigheter.

Etter at cand. pharm. Ø. O. Haarklou fikk sine fulle rettigheter tilbake, har han søkt apotekerbevilling for en rekke mindre apotek. Flittil har han blitt forbigått i en rekke tilfeller.

Ved brev av 24. februar 1953 skrev jeg på hans vegne til Sosialdepartementet og spurte om det ved befordring til apotek tas særlig hensyn til tidligere N. S. medlemskap, og om dette forhold hadde virket inn på behandlingen av Haarklous søknader. Jeg bad samtidig departementet være merksam på hans vanskelige stilling og se med velvilje på hans søknad om bevilling. Brevet vedlegges.»

Saka har vore lagt fram for Sosialdepartementet som den 18. mai 1954 har svara slik:

«Ein har teki mot skrivet Dykkar dagsett 2. mars i år med ymse vedlegg. Løyve til å driva apotek vert gjeve av Kongen, jfr. § 4 i lov om drift av apotek av 4. august 1909. For å få slikt løyve, må søkjaren etter § 5 i lova godtgjera at han har teke apotekereksamen og at han deretter har gjort teneste på norsk apotek i 5 år. Det er til vanleg lett å avgjera om søkjaren stettar desse krava, og dei gjev lite rom for skyn frå administrasjonen si side.

Etter same paragrafen skal søkjaren vidare leggja fram pålitande vitnemål om at han fører ein heiderleg vandel. Kravet om heiderleg vandel går etter forarbeidene til lova ikkje berre ut på at søkjaren skal være ærleg i Trykt 10/11 1954.

pengesaker, men og på at han ikkje på annan vis syner låk åtferd, til dømes gjennom straffbare gjerningar, misbruk av rusdrykk og anna. Når det ligg føre sikre opplysningar om låk åtferd av noko slag, må ein ofte nytta skyn i avgjersla om søkjaren likevel kan sejust å ha heiderleg vandel. I grove tilfelle der søkjaren vantar heiderleg vandel, kan han etter lova ikkje få løyve til å driva apotek. Er tilfellet ikkje så grovt, kan det vera at han ikkje etter lova er utestengd frå å få apotek, men han kan verta sett attende i tevling med andre søkjarar.

Etter § 5 i apoteklova skal søkjaren óg leggja fram vitnemål om at han er «vederheftig» (solvent), og at han kan skaffe middel til å overta og driva apoteket. Om dette legg søkjarene nær sagt i alle høve fram vitnemål som ein utan vidare kan godta.

I tillegg til dei krava som står i apoteklova, må søkjaren og nå opp i tevling med andre søkjarar, og det er ingen som har rettskrav på å få apoteket sjølv om han formelt stettar krava i lova.

Ved tildeling av løyve til å driva apotek utanfor Oslo, har til vanleg tenesteaalderen vore avgjerande. Den søkjaren som står øvst på tenesteaalderlista, vil difor stort sett vera han som får løyve til å driva apoteket, dersom det ikkje er noko å seia på vandelen hans. Dette vil likevel ikkje alltid vera tilfelle. Fleire tilhøve kan spela inn her. Det kan vera lengda av tenestetida, dugleiken, personlege forhold, helse o. s. b., men det har helst vore små avvik frå tenesteaalderlista av slike grunnar. Store avvik frå denne regelen har ein til vanleg berre gjort når ein søkjar har synt låk åtferd som heilt stengjer han ute eller set han mykje attende.

Departementet arbeider for tida med retningsslinene for desse sakene.

Med omsyn til landssvikarane, meinte Sosialdepartementet tidlegare at desse til så lenge ikkje burde få løyve til å driva apotek. Grunnlaget for dette synet var mellom anna at apoteklova krev heiderleg vandel for at ein skal kunne få apotek, og at det alltid var mogleg å finna dugande kandidatar mellom dei søkjarane som ikkje hadde vore landssvikarar. Det spela dessutan inn at landssvikarane, sjølv om dei ikkje har fått apotek, heile tida har hatt fullt høve til å arbeida i yrket sitt. Som provisorar på topplønn har dei nærare 17 000 kroner året. Etter lov om pensjonstrygd for apoteketaten frå 26. juni 1953, vil dei dessutan nå få pensjon når dei fyller 70 år. Pensjonen vert den same om dei hadde vore apotekarar.

Så lenge dette var synet til Sosialdepartementet, fann ein ikkje grunn til å vurdere dei søkjarane som hadde vore landssvikarar. Denne synsmåten var den same når det gjaldt offentlege lækjarar, og førde og til klage til Protokollnemnda, jfr. O. I. nr. 4, 1952, og skriv frå Justisdepartementet dagsett 22. november 1951. Dette skrivet er teke inn i innstillinga.

Etter at denne saka var føre i Stortinget, har Sosialdepartementet fylgt dei retningslinene som der vart dregne opp, såleis om vurdering ut frå tilhøva i kvart einskilt tilfelle. Ein viser t. d. til den innstillinga frå Helse- direktøren som er sitert i vedlegg 2 i brevet frå h.r.advokat Magne Schjødt (kgl. resolusjon 19. desember 1952 om Svaneapoteket, Tromsø).

Departementet skal elles her gjera merksam på at Helse- direktøren i desse sakene kan nytta eit rådgjevande utval med representantar oppnemnde av Norges Apotekerforening og Norges Farmaceutiske Forening, men at korkje Helse- direktøren eller departementet er bundne av det synet representantane legg til grunn eller av dei råd utvalet i tilfelle gjev.

Vurderinga synta seg vanskeleg i dei ein- skilde tilfella. For å stå på noko tryggare grunn, bad ein difor den 15. desember 1953 om ei fråsegn frå Justisdepartementet, og kom i skrivet inn på saka om Eidskog apotek. Ei avskrift av skrivet ligg ved.

Fråsegna frå Justisdepartementet kom i skrivet frå 8. januar i år til Sosialdepartemen- tet. På grunnlag av dette skrivet var saka om Eidskog føre på nytt. Ved kgl. resolusjon den 22. januar i år vart så løyve til å driva apoteket gjeve til cand. pharm. Jonas Han- steen. Ein legg ved ei avskrift av referatet der skrivet frå Justisdepartementet er teke med.

Skulle nemnda ynskja opplysningar utover dette, står departementet til teneste. Til skri- vet frå advokat Magne Schjødt kan ein elles opplysa at Helse- direktøren ikke tok løyvet til å driva Løveapoteket, Hamar, frå cand. pharm. Ø. O. Haarklou. Han vart suspendert av Sosial- departementet den 19. juni 1945 med heimel i § 50 i Landssvikordninga frå 15. desember 1944, jfr. kgl. resolusjon den 12. juni 1945. Etter apoteklova frå 4. august 1909, § 4, er det som sagt før, Kongen som gjev løyve til å driva apotek. Dei som fekk slikt løyve av andre styremakter under krigen, måtte difor få godkjend dette av Kongen etter frigjeringa, jfr. § 3, jfr. § 9 i lov om utreinsking i offentlig teneste frå 19. juli 1945. Slik godkjenning er ikkje gjeve.

For orden skuld gjer ein merksam på at avskrift av skrivet frå Justisdepartementet dagsett 8. januar 1954 vart sendt advokat Magne Schjødt den 22. mars i år.

I brev av 9. februar 1954 til advokat Schjødt gjorde departementet greie for at innstillingar og foredrag til kongelege resolusjonar ikkje er tilgjengelege for andre før dokumenta er lagt fram for Protokollnemnda. Avskrift av brevet ligg ved. Avskrift av referatet i saka om Eidskog apotek når det gjeld det som er sagt om cand. pharm. Ø. O. Haarklou, går til advokaten samstundes med at dette skrivet vert sendt til Protokollnemnda.»

Som det går fram av dette skrivet, bad So- sialdepartementet den 15. desember 1953 om å få ei fråsegn for å få noko tryggare grunn å stå på ved slike avgjerd. Sosialdepartemen- tet skriv:

«Inntil 1952 tok Sosialdepartementet det standpunkt at tidligere N. S.-medlemmer som var dømt for sitt forhold under krigen, ikke kunne komme i betraktning ved besettelsen av offentlige stillinger eller stillinger som kre-

ver offentlig bevilning. Etter innstilling fra Stortingets Protokollkomité til Odelstinget, nr. 4 1952, har en imidlertid måttet endre denne oppfatningen. I dag vil en søker derfor bli vurdert, selv om han er dømt for lands- svik.

En er imidlertid kommet opp i visse van- sker når det gjelder denne vurderingen i det konkrete tilfelle. Problemet er blitt særlig aktuelt i den senere tid. På grunn av den nye ordningen med pensjon for apoteketaten, skal det i nærmeste framtid besettes en rekke apo- tek. Flere av dem er allerede lyst ledige. Til alle disse apotekene opptre tidligere N. S.- apotekere som søkere. Befordringsreglene ved tilsetting av apotekere har gjennom gammel innarbeidet praksis vært sterkt bundet til ansiennitet (Oslo unntatt). Stort sett har en kunnet regne med at den søkeren som har best ansiennitet, vil bli tilsatt som apoteker. Tidligere N. S.-apotekere vil gjerne ligge høyt på ansiennitetslisten, ofte topper de den.

Såken som gir grunnlag for denne hen- vendelsen er i korthet følgende:

Den 11. april 1953 ble Eidskog apotek, Skotterud, lyst ledig. Ved innstillingen delte det rådgivende utvalg seg i to. Representan- tene for Norges Apotekerforening foreslo inn- stillet etter ansiennitetsrekkefølge som nr. 1 cand. pharm. Ø. O. Haarklou, som nr. 2 cand. pharm. Kr. Ludv. Andersen og som nr. 3 cand. pharm. Jonas Hansteen. Forslaget ble avgitt med erklæring om at det bare var tatt faglige hensyn, og at det var en forutsetning at søkerens landssvikforhold ble vurdert i de- partementet. Representanten for Norges Far- maceutiske Forening tok ikke Haarklou og Andersen med på sitt forslag til innstilling i det hele tatt, og foreslo innstilt som nr. 1 cand. pharm. Jonas Hansteen. Grunnen til dette var at nr. 1 og 2 på ansiennitetslisten var tidligere landssvikere. Etter Norges Far- maceutiske Forenings oppfatning har de ikke gjenvunnet den tillit som er nødvendig for at de skal kunne få bevilning til å drive apotek. Cand. pharm. Ø. O. Haarklou ble i 1934 med- delt bevilning til å drive Amlis apotek. I de- sember 1940 meldte han seg inn i N. S. og ble «ordfører» i Amlis. Den 15. mai ble han meddelt bevilning til å drive Løveapoteket, Hamar, trass i at han ikke var med på de- partementets innstilling. For sitt forhold ved- tok han følgende forelegg: Fengsel i 120 dager, rettighetstap i 10 år etter Landssvik- anordningens § 11 nr. 1 og 2 og rettighetstap i 2 år etter § 11 nr. 5.

Cand. pharm. Kr. Ludv. Andersen var apo- tekbestyrer da krigen kom. I november 1940 ble han medlem av N. S. Den 25. juni 1942 ble han meddelt bevilning til å drive apoteket Ørnen, Moss. Han var ikke med på departe- mentets innstilling. For sitt forhold under kri- gen har han vedtatt følgende forelegg: Bot kr. 7 500, erstatning kr. 10 000 og rettighets- tap i 10 år etter Landssvikanordningens § 11 nr. 1 og 2.

I skrivet av 22. november 1951 til Stortingets protokollkomité har Justisdepartementet gitt uttrykk for hvilke retningslinjer det mener bør følges ved behandling av søknader om offentlige legestillinger. På grunnlag av nær- værende sak tør en spørre det ærede departe- ment om det er mulig å gi noen retningslinjer

for behandling av disse sakene utover de som er nevnt i skriv av 22. november 1951.

Da en vanskelig kan meddele flere apotekerbevillinger før Eidskog apotek er besatt, tør en anmode om at saken behandles så snart som mulig.»

I foredraget for den kongelige resolusjonen vedkomande løyve til å drive Eidskog apotek seier Sosialdepartementet:

«Eidskog apotek, Skotterud, ble ledig ved apoteker Hanna A. Egebergs død den 7. april 1953.

Den 11. april 1953 ble apoteket kunngjort ledig med opplysning om at den nye apoteker ville bli gitt bevilling på de vilkår som er fastsatt i lov om drift av apotek av 4. august 1909 med senere tilleggslover og i den øvrige apoteklovgivning. Særlig ble fremhevet at apotekeren vil ha plikt til å sikre sin hustru enkepensjon på nærmere bestemt måte. Videre at bevilgingen blir å løse mot det lovbestemte gebyr, samt at apotekeren etter kgl. resolusjon av 7. mai 1926 må finne seg i de bestemmelser som i henhold til lov måtte bli truffet om sikring av pensjon og fratreden fra apoteket ved en bestemt aldersgrense.

Ved utløpet av den frist som var satt for søknad, hadde meldt seg 14 søkere, som er ført opp på en fremlagt liste. Etter fristens utløp har man mottatt ytterligere 5 søknader som bør tas i betraktning, idet forsinkelsen skyldes fylkesmannens kontor.

Helsedirektøren har innstillet:

Som nr. 1, cand. pharm.	Jonas Hansteen.
» » 2, » »	Ingrid Jonssen.
» » 3, » »	Ranghild Lindstøl.

Helsedirektøren anfører som begrunnelse for sin innstilling:

Nr. 1 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Ø. O. Haarklou, har apotekereksamen fra høsten 1918 og tjenestgjorde deretter ved Grünerløkka apotek og apoteket Hjorten, begge Oslo. I 1934 fikk han bevilling til å drive Amli apotek. Under okkupasjonen var han medlem av N. S. fra desember 1940. Han ble samme år oppnevnt som ordfører i Amli og ca. 1/2 år senere, i mai 1941, meddelt bevilling til å drive Løveapoteket i Hamar. Under okkupasjonen ytet han bl. a. bidrag til straffbare formål. Haarklou ble suspendert fra sin stilling i 1945. Han vedtok 7. desember 1946 følgende forelegg: Fængsel i 120 dager, tap av stemmerett i offentlige anliggender samt tap av retten til å tjenestgjøre i krigsmakten i 10 år, dessuten tap av rett til stilling ifølge offentlig autorisasjon i 2 år. Fra 9. mai 1950 har han fått rettighetene igjen, jfr. lov nr. 25 av 28. juli 1949. Haarklou har i de siste år arbeidet som provisor ved en rekke apotek.

Jeg mener at der i dette tilfelle ikke bør legges vesentlig vekt på ansienniteten. Cand. pharm. Haarklou er etter min mening heller ikke bedre kvalifisert til å drive apotek enn de øvrige søkere. Alle forhold tatt i betraktning finner jeg ikke å ville ta ham med på innstillingslisten.

Nr. 2 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Kr. L. Andersen, har apotekereksamen fra høsten 1920. Han var medlem av N. S. under

krigen og ble meddelt bevilling til å drive apoteket Ørnen, Moss, fra 25. juni 1942. Etter frigjøringen ble han suspendert. Andersen har vedtatt som forelegg en bot på kr. 7 500, en inndragning på kr. 30 000, senere nedsatt til kr. 10 000 og rettighetstap etter landssvik-anordningens § 11 nr. 1 og 2. Fra 9. mai 1950 har han fått rettighetene igjen, jfr. lov nr. 25 av 28. juli 1949. Cand. pharm. Andersen er ansett som en jevnt dyktig farmasøyt. Heller ikke Andersen kan sies på grunn av ansiennitet og kvalifikasjoner å måtte stilles foran de søkere som det til nå ikke har vært noe å utsette på. Jeg finner derfor ikke å ville ta ham med på innstillingslisten.

Nr. 3 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Jonas Hansteen tok apotekereksamen høsten 1921. Han har deretter tjenestgjort i ca. 30 år ved forskjellige apotek. Han er en alminnelig ansett farmasøyt, og jeg innstiller ham som nr. 1.

Nr. 4 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Agga Madshus, har en noe kort tjenestetid i forhold til eksamensansiennitet. Jeg mener derfor at hun bør settes noe tilbake i ansiennitet og finner i dette tilfelle ikke å ville ta henne med på innstillingslisten.

Nr. 5 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Liv Winsvold, ble ved kgl. resolusjon av 25. september 1953 meddelt bevilling til å drive Hammerfest Apotek. Hun settes derfor ut av betraktning.

Cand. pharm. Ingrid Jonssen, hvis søknad er kommet etter fristens utløp, men som bør tas i betraktning, idet forsinkelsen skyldes fylkesmannens kontor, har ansiennitet fra våren 1924. Hun har tjenestgjort ved forskjellige apotek, og er for tiden ved Kongsvinger apotek. Der er intet å utsette på hennes vandel. Jeg innstiller henne som nr. 2.

Nr. 6 på ansiennitetslisten, cand. pharm. Ranghild Lindstøl, har apotekereksamen fra høsten 1924. Hun har tjenestgjort en kortere tid ved Eidskog apotek og deretter i nærmere 25 år ved Risør apotek. Det er intet å utsette på hennes vandel. Jeg innstiller henne som nr. 3.»

Departementet skal bemerke:

Som det fremgår av Helsedirektørens innstilling er to av søkerne med høy ansiennitet straffet for landssvik. Stortingets protokollkomité har i innstilling O. nr. 4 for 1952 vedrørende ansettelse av en distriktslege bl. a. uttalt:

«Komitéen er av den oppfatning at tidligere medlemmer av N. S. som har sonet sin straff, nå mest mulig må komme inn i arbeidslivet igjen og få konkurrere om de stillinger i samfunnet som de har utdannelse for å betingelse for å fylle. Dette ble også sterkt fremhevet under debatten i forbindelse med landssvikoppgjøret 21. og 22. januar 1952.

Komitéen mener derfor at den linje Sosialdepartementet hittil har fulgt når det gjelder tidligere N. S.-leger, at de ikke kan tas i betraktning ved innstillinger til offentlige legestillinger, er for kategorisk.

Komiteén har merket seg Sosialdepartementets uttalelse i skriv av 3. april 1951 at saken vil bli tatt opp til ny behandling når noen tid er gått.

Komiteén er gjort kjent med at departementet nå arbeider med saken og vil i den forbindelse sitere Justisdepartementets uttalelse som komiteén stort sett sier seg eng i.

«Justisdepartementet antar for sitt vedkommende at en søker til en offentlig legestilling ikke uten videre bør settes ut av betraktning fordi om han er straffet for landssvik. Spørsmålet om beskikkelse av en slik lege i en offentlig stilling må besvares ut fra forholdene i hvert enkelt tilfelle. Det må tillegges vekt om vedkommende leges forhold i okkupasjonstiden var mere eller mindre graverende, særlig om han på noen måte kan sies å ha forbrudt seg i sin stilling som lege. Av betydning er det også om stillingen kan bli besatt med en annen kvalifisert lege. Selv om dette ikke er tilfellet, antar man at det ikke bør bli tale om å beskikke en mer fremtredende eller grovere landssviker i en overordnet legestilling eller i en offentlig legestilling som ellers kan sies å kreve særlig grad av aktelse og tillit.»

I samsvar med dette har departementet vurdert også de to nevnte søkere. Et rådgivende utvalg med representanter for Norges Apotekerforening og Norges Farmaceutiske Forening hadde i denne sak delt seg, idet Apotekerforeningens representanter innstilte etter ansiennitet med erklæring om at det var en forutsetning at departementet vurderte betydningen av søkerens landssvikforhold. Departementet har med utgangspunkt i den foreliggende sak bedt om en ny uttalelse fra Justisdepartementet. I brev av 8. januar 1954 har Justisdepartementet uttalt:

«I brev til Stortingets protokollkomité av 22. desember 1951 uttalte dette departement at en søker til en offentlig legestilling ikke uten videre burde settes ut av betraktning fordi om han var straffet for landssvik. Spørsmålet om beskikkelse av en slik lege i en offentlig stilling må besvares ut fra forholdene i hvert enkelt tilfelle. En viser til den redegjørelse som ble gitt for de momenter som burde tillegges vekt ved denne vurdering. En peker særlig på det som er sagt om betydningen av at stillingen kan bli besatt med en annen kvalifisert lege.

Spørsmålet om en farmasøytisk kandidat som er straffet for landssvik bør meddeles bevilling til å drive apotek, antas å burde avgjøres etter de samme retningslinjer som foran angitt. En antar at det da ikke kan bli spørsmål om å la ansienniteten være i det vesentlige avgjørende.

Etter det som er opplyst av det ærede departement går en ut fra at det ved innstillingen fra Norges Apotekerforening av cand. pharm. Ø. O. H a a r k l o u er lagt vesentlig vekt på ansienniteten. Det er opplyst at Haar-klou i okkupasjonstiden var medlem av N. S. og en tid «ordfører» i Amlø, og at han for sitt

forhold vedtok et forelegg på fengsel i 120 dager og delvis rettighetstap. En savner opplysninger for å vurdere om hans ansiennitet og faglige kvalifikasjoner ligger så vesentlig foran andre søkere at en bør se bort fra det nevnte landssvikforhold.»

Lov av 4. august 1909 om drift av apotek bestemmer i § 5:

«For å få bevilling som apoteker må søkeren godtgjøre at han etter bestått apotekereksamen har tjenestegjort i 5 år på norsk apotek, og framlegge pålitelige vitnemål om at han fører en hederlig vandel, er vederheftig og kan skaffe de nødvendige midler for å overta og drive apoteket, og på forlangende legeattest om sin helse.»

Det fremgår herav at det for å få bevilling til å drive apotek kreves en rekke kvalifikasjoner, og at søkerens eksamensansiennitet alene ikke kan være avgjørende.

På grunnlag av Justisdepartementets brev har saken på ny vært forelagt for det rådgivende utvalg (2 representanter for Norges Apotekerforening og 2 representanter for Norges Farmaceutiske Forening), som enstemmig har innstilt som nr. 1 cand. pharm. Jonas Hansteen, som nr. 2 cand. pharm. Ingrid Jonssen og som nr. 3 og 4 på like linje cand. pharm. Agga Madshus og cand. pharm. Liv Winsvold.

Etter en samlet vurdering av søkerens kvalifikasjoner slutter departementet seg til Helsedirektørens innstilling og tillater seg således fortrinsvis å henlede oppmerksomheten på følgende:

1. Cand. pharm. Jonas Hansteen som er født 1897 og har apotekereksamen fra 2. halvår 1921 med karakter Godt har i over 30 år tjenestegjort ved forskjellige apotek og er for tiden ansatt ved Flisa apotek.
2. Cand. pharm. Ingrid Jonssen som er født i 1894 og har apotekereksamen fra 1. halvår 1924 med karakter Godt har tjenestegjort ved forskjellige apotek. Hun er for tiden ansatt ved Kongsvinger apotek hvor hun vært siden 1. januar 1937.
3. Cand. pharm. Ragnhild Lindstøl som er født i 1895 og har apotekereksamen fra 2. halvår 1924 med karakter Godt har tjenestegjort en kortere tid ved Eidskog apotek og deretter i nærmere 25 år ved Risør apotek som hun til dels har bestyrt.

N e m n d a vil uttala:

Som det går fram av foredraget til den kongelege resolusjonen, er avgjerda av saka bygd på ei samla vurdering av søkjarane sine kvalifikasjonar. Det skil i dette tilfelle 3 års ansiennitet mellom klagaren og cand. pharm. Hansteen, som fekk løyve til å drive Eidskog apotek, og 6 år mellom klagaren og dei som var innstilt som nr. 2 og 3.

N e m n d a finn at det resultat som etter denne samla vurdering er kome fram, ikkje er urimeleg. N e m n d a legg her vekt på det som er uttala av Helsedirektøren at klagaren ikkje er betre kvalifisert til å drive apotek enn dei andre søkjarane, og på den samrøystes tilrådinga frå det rådgjevande utval.

N e m n d a legg også vekt på at klagaren ikkje er stengd ute frå yrket sitt, men har høve til å arbeide som provisor med etter måten gode lønsvilkår, og at dette arbeidet også gjev rett til pensjon på same vilkår som apotekarar. Det er til nemnda opplyst at årsløna i den stilling klagaren har no, er ca. kr. 17 700 plus moglege vaktgodtgjerdslar.

Når klagaren hevdar at han har hatt vanskeleg for å få fast tilsetjing, er dette neppe heilt rett, og er iallfall ikkje nærare dokumentert. I alle åra etter krigen har det vore etter måten lett for kvalifiserte folk å få stilling i desse yrker, serleg i Nord-Norge. Til nemnda er opplyst at klagaren har vore i arbeid stort

sett heile tida sidan januar 1947. Arbeidet har for det meste vore vikariat, som varde frå 3—4 månader til 1½ år. Klagaren har også hatt fast post som han sjølv har sagt opp.

Etter n e m n d a si meining må det også leggst vekt på at det her gjeld løyve som gjer søkjaren til arbeidsgjevar for andre.

Med di n e m n d a synar til det som er sagt ovanfor, rår den Odelstinget til å gjera slikt

v e d t a k :

Klagen frå cand. pharm. Ø. O. Haarklou gjev ikkje høve til noko tiltak frå Odelstinget si side.

Oslo, i protokollnemnda, 5. november 1954.

K. Varmann,
formann.

Peter Kjeldseth Moe,
ordfører.

Knud J. Vik,
sekretær.

Innst. O. nr. 118.

Innstilling frå protokollnemnda om rekneskapen for Norges Brannkasse for året 1953.

Til Odelstinget.

I samsvar med vedtak i Odelstinget den 22. oktober 1954 er denne saka sendt protokollnemnda, jfr. lov av 12 juni 1931 om Norges Brannkasse.

Årsmelding og rekneskap for Norges Brannkasse, likeins rekneskap for Brannkassa sitt katastrofefond og ildsikringsfond er gjennomsett av nemnda.

1. Årsmeldinga syner at nettotilgangen av branntrygdingar på bygningar i året er 8 000, og talet kjem dermed opp i 284 600 pr. 1. januar 1954. Av dette er 214 700 trygdingar i bygdene og 69 900 i byane.

For lausøyre er tilgangen 12 500 trygdingar og talet på trygdingar pr. 1. januar 1954 er 203 900. Av dette 136 100 på bygdene og 67 800 i byane.

2. Samla trygdesum på bygningar var då året tok til 18 121 mill. kr. Den steig gjennom året med 1 355 mill. kr. til 19 476 mill. kr. Av dette 10 863 mill. kr. på bygdene og 8 613 mill. kr. i byane.

Samla trygdesum på lausøyre var då året tok til 2 696 mill. kr. og den auka i året med 434 mill. kr. til 3 130 mill.

kr. Av dette var 2 011 mill. kr. på bygdene og 1 119 mill. kr. i byane.

3. Den årlege branntrygdepemien er no:
For bygningar 28,3 mill. kr.
» lausøyre 5,7 » »

4. I året 1953 har det vore 1 545 brannskader på bygningar med ei samla skadebot på 13,6 mill. kr. Dette er noko større enn i 1952.

For lausøyre var den samla skadebot 2,9 mill. kr.

5. Trygdepemien for spesialtrygdingar var i 1953 kr. 214 000 og skadebota kr. 80 800. Av dette var kr. 17 900 for naturskader.

6. Til brannvern er det løyvd:

	Tilskot	Lån
Tidlegare	kr. 17 538 142,78	kr. 19 266 455
i 1953 .. »	1 347 300,00	» 660 000
I alt	kr. 18 885 442,78	kr. 19 926 450

7. Rekneskapene er revidert av statsautorisert revisor L. J. Solberg som har gjeve melding i brev av 21. april 1954. Han